Søknad om autorisasjon til å ferda ut fakturafråsegner som godkjend eksportør

TOLL CUSTOMS

Fjern utfylling

Autorisasjon

1. Mottakar av søknaden

Namnet på tollregionen

2. Eksportøropplysningar

Firmanamn		Organisasjonsnummer
Postadresse		Telefonnr.
Postnr.	Poststad	Telefaksnr.
Besøksadresse		
Kontaktperson		

00 For Tollvesenet

Autorisasjonen gjeld

Frå	Til

0 For Tollvesenet

Tollautorisasjonsnummer

NO/

3. Søknaden gjeld

☐ A. Underskrivne ansvarshavande i firmaet nemnt ovanfor søkjer om autorisasjon til å ferda ut opphavsprov i form av faktura-fråsegner utan omsyn til eksportverdien av dei opphavsprodukta det gjeld.

☐ B. Underskrivne søkjer dessutan om løyve til å ikkje skriva under på slike fakturafråsegner, jf. føresegner om dette for godkjende eksportørar som er gjevne i opphavsreglane i dei ulike frihandelsavtalene som Noreg (EFTA) har inngått med andre land.

4. Vareslag - Opphavsreglar

Dei mest vanlege vareslaga som firmaet normalt eksporterer (generell omtale med referanse til HS-kapittel eller posisjonar)

Sjå informasjons- og spørjeskjema

5. Underskrifta til søkjaren

Eg stadfester at firmaet kvart år har etter måten mange utførsler av opphavsprodukt og garanterer at firmaet som «godkjend eksportør» vil stetta dei vilkåra som følgjer av autorisasjonen, jf. rubrikk 6 og 7.

Stad og dato	Underskrift (ansvarshavande i firmaet med tittel)

6. Autorisasjon frå tollregionsjefen (rubrikk 6-8)

☐ A. Firmaet vert gjeve autorisasjon til å ferda ut opphavsprov i form av fakturafråsegner uansett eksportverdien av dei berørte opphavsprodukta innanfor dei føresegnene som gjeld for godkjende eksportører i samhøve med opphavsreglane fastsette i dei ulike frihandelsavtalene Noreg (EFTA) har inngått med andre land (medrekna det norske GSP-systemet).

☐ B. Firmaet vert òg gjeve løyve til å ikkje skriva under på slike fakturafråsegner.

Tollautorisasjonsnummeret til firmaet kjem fram øvst til høgre på dette løyvet. Autorisasjonsnummeret skal normalt gjevast opp i sjølve fakturafråsegna. Fakturafråsegner kan berre ferdast ut for produkt som kan dokumenterast å ha «opphavsstatus» i samsvar med den enkelte avtala. Autorisasjonen gjeld inntil vidare og kan til kvar tid dragast attende. Autorisasjonen skal dragast attende dersom gjevne vilkår eller føresegner fastsette i inngåtte avtaleverk ikkje vert haldne. Det vert vist til rubrikk 7 og til dei gjeldande opphavsreglane.

7. Vilkår for autorisasjonen til firmaet

Autorisasjonen vert gjeven på vilkår av at:

- eksportøren til kvar tid har gode kunnskapar om dei gjeldande opphavsreglane og vilkåra for utferding av opphavsprov;
- eksportøren har særleg god kjennskap til dei reglane som gjeld for «godkjende eksportørar» i den enkelte avtala/ordninga;
- eksportøren - når Tollvesenet krev det - dokumenterer at dei oppsette/utferda opphavsprova er rette;
- eksportøren - når Tollvesenet krev det - varslar om komande eksportar for eventuell fysisk kontroll av varene;
- eksportøren i minst 10 år tek vare på ein kopi av fakturafråsegner saman med dei andre eksportdokumenta og provtilfang som stadfester at dei oppsette/utferda opphavsprova er rette;
- eksportøren tek på seg det fulle ansvaret for kvar fakturafråsegn som identifiserer honom som om ho var underskriven av ham for hand;
- eksportøren straks melder frå til Tollvesenet ved eventuelle mistak eller om trongen/vilkåra for autorisasjonen ikkje lenger er til stades.

8. Autorisasjon frå Tollvesenet

Stempel	Stad og dato	Underskrift

Vedlegg til søknad om autorisasjon til å ferda ut fakturafråsegner som godkjend eksportør

Informasjons- og spørjeskjema

Dette skjemaet må fyllast ut når firmaet søkjer om autorisasjon til å verta godkjend eksportør.

Svara firmaet gjev, dannar grunnlaget for Tollvesenet til å gje og følgja opp gjeven autorisasjon til å ferda ut fakturafråsegner som godkjend eksportør.

Rett utfylt vil skjemaet gje eit forenkla oversyn over kva slag dokumentasjon Tollvesenet kan krevja framlagt ved ein eventuell etterkontroll (verifikasjon) av oppsette opphavsprov.

Send søknaden, utfylt skjema og eventuelle vedlegg til tollregionen der firmaet er registrert.

Firma
Adresse
E-post

Generell informasjon

Autorisasjon til å verta godkjend eksportør kan søkjast av firma som har regelbunden eksport av varer med preferanserett, såkalla opphavsprodukt.

Søknad om autorisasjon skal alltid sendast frå hovudkontoret til firmaet, endå om han skal gjelda for ein annan del av firmaet. Vedkomande juridisk person er ansvarleg for bruken av autorisasjonen.

Me gjer merksam på at alle dokument og opplysningar som vert gjevne til Tollvesenet, som grunnlag for søknaden og autorisasjonen, er underlagde teieplikt, jf. § 8 i tollova og tilsvarande føresegner i frihandelsavtalene.

Spørsmål	Svar
Gje døme på eksportsendingar det skal ferdast ut fakturafråsegner for. Opplys om vareslag, avsendarstad og mottakarland og dessutan kor ofte det vert eksportert slike varer.	
Kva slag opphavsprov får kundane til firmaet no?	
Kven i firmaet skal passa på/syta for at det berre vert utferda opphavsprov for varer som stettar opphavsreglane?	
Treng firmaet informasjon om frihandelsføresegnene som er tilpassa firmaet, eller har firmaet alt no tilstrekkeleg informasjon?	
Svar på eige ark dersom svarkolonnen ikkje er tilstrekkeleg.	

Informasjon om opprinnelsesdokumentasjon

Ein fullstendig dokumentasjon, som viser at ei viss eksportvare stettar opphavsreglane og dei andre vilkåra i frihandelsføresegnene, må vera tilgjengeleg i firmaet når det vert utferda eit opphavsprov for vara ved eksport til ein annan frihandelspartnar. Tollregionen skal når som helst kunna kontrollera om eit opphavsprov er korrekt. Slike kontrollar kan gjennomførast når utanlandske styremakter bed om det, eller etter initiativ frå tollregionen sjølv. Dessutan er det naudsynt at kundane til firmaet kan lita på at utferda opphavsprov er korrekte. Kundane risikerer å måtta betala toll i ettertid dersom opphavsprova er urette.

Varer som firmaet sjølv ikkje har produsert eller tilarbeidd

Dersom eksportvarene er produserte av ei anna verksemd i Noreg, må opphavet til varene stadfestast med eit opphavsprov i form av ei nasjonal "leverandørfråsegn".
Leverandøren kan òg verta opphavskontrollert av Tollvesenet.

Har varene opphav i EØS eller eit anna land enn Noreg og dette opphavet er tillate i samsvar med den avtala som skal nyttast, må opphavet kunna stadfestast med eit opphavsprov utferda av den utanlandske leverandøren eller med ein tolldeklarasjon som viser at varene er gjevne preferansetollhandsaming ved innførsla til Noreg.

Eigenproduserte varer

Er eksportvarene produserte i eige firma, må firmaet sjølv prova at opphavsreglane er stetta. Den "tilstrekkelege tilarbeidinga eller foredlinga" som krevst utført i Noreg går fram av lister i avtalene (prosessliste). Lista er oppbygd på same måten som tolltariffen (HS). Dei fire fyrste tala i tariffnummeret er nykelen til å finna den rette opphavsregelen for dei ferdige produkta.
Tollregionen kan hjelpa til med klassifiseringa av produkta.

For å slå fast om ei eigenprodusert vare stettar reglane, må det opprettast ein opphavskalkyle (opphavsrekneskap) for den aktuelle vara (sjå dømet nedanfor).

Kalkylen/rekneskapen kan vera enkel eller meir vidfemnande alt etter som korleis reglane er utforma. Materiale som er importert for produksjonen, dvs. delar, komponentar, halvfabrikata, råvarer og så bortetter, er anten "tillate" eller "ikkje tillate" i samsvar med reglane. Dette heng ofte saman med kva steg materiala var tilarbeidd på ved importen til Noreg.

Stundom kan det vera naudsynt å prova at ei viss tilarbeiding eller foredling har gått føre seg i Noreg. Dette kan gjerast ved hjelp av ei leverandørfråsegn frå den verksemda som har utført tilarbeidinga eller foredlinga.

Bruken av visse typar materiale er ofte avgrensa av verdien deira. Verdien av slike materiale må kunna påvisast ved hjelp av bokførsel og innkjøpsfakturaer.

Dersom somme innkjøpte materiale alt har status som "opphavsvarer", treng ein ikkje finna ut om dei er tillatne å nytta eller ei. Slike materiale er alltid tillatne dersom opphavet kan provast med leverandørfråsegner eller opphavsprov.

Døme på opphavskalkyle

Her kan firmaet ta eit representativt utval av varene det eksporterer, som t.d. eitt til to av produkta det eksporterer mest.

Tilverka eksportvare:	HS-nummeret til vara (fire siffer):		Vareprisen frå fabrikk:*	
Brukte materiale	HS-nummeret til materiala (fire siffer)	Brukte mengder*	Verdi på brukte mengder*	Opphavsstatusen* og opphavslandet til materiala
1.				
2.				
3.				
4.				
5.				
(etc.)				

* Provdokument kan verta kravde.

Døme på korleis firmaet kan prova opphavsstatusen til vara

Før i avsnittet nedanfor opp eit representativt utval av dei eksportvarene som det for tida vert utferda opphavsprov for, og fyll ut dei opplysningane som høyrer saman med dei respektive produkta. Legg ved kopiar av grunnlagsdokumenta deira og dei opphavsprova som er utferda på grunnlag av desse dokumenta.

Eksportvarer (vareomtale og tolltariffnummeret til varene (fire siffer)):

1.

2.

3.

4.

Opphavsreglane til eksportvarene (opplys dette dersom firmaet sjølv har produsert varene)

1.

2.

3.

4.

Grunnlagsdokument (medrekna opphavskalkylar for varene firmaet sjølv har produsert):

1.

2.

3.

Døme på opphavsprov utferda av firmaet (Varesertifikat EUR. 1/varesertifikat EUR-MED, fakturafråsegner/fakturafråsegner EUR-MED, leverandørfråsegner):

1.

2.

3.

4.

(Legg ved kopiar)

Opplysningane er gjevne av	
Firma	
Dato	Underskrift